



1. mai 2019

# E-DEPONERINGSPLAN 2019-2021

Langtidsbevaring av data frå elektroniske journal- og arkivsystem og fagsystem



## INNHALD

<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>2</b>
<b>DEFINISJONAR .....</b>	<b>3</b>
<b>FORMÅL MED PLANEN (EFFEKTMÅL) .....</b>	<b>4</b>
<b>SKILDRING AV KVA PLANEN SKAL OMHANDLE.....</b>	<b>4</b>
<b>AVGRENSINGAR.....</b>	<b>5</b>
<b>MEDLEMSSKAP I KDRS.....</b>	<b>5</b>
<b>INTRESSENTOVERSIKT .....</b>	<b>6</b>
<b>RISIKO .....</b>	<b>7</b>
<b>ROLLER I DEPONERINGSARBEIDET .....</b>	<b>8</b>
<b>UTTREKK FOR LANGTIDSLAGRING: AKTUELLE AKTØRAR .....</b>	<b>9</b>
<b>SAKARKIV-SYSTEMA TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE .....</b>	<b>10</b>
<b>PLAN 2019-2021 .....</b>	<b>11</b>
<b>TIDSPLAN.....</b>	<b>14</b>
<b>PLAN FOR KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING.....</b>	<b>14</b>
<b>PLAN FOR FINANSIERING .....</b>	<b>14</b>
<b>ENDRINGSLOGG FOR DENNE PLANEN.....</b>	<b>14</b>

Arkivverket sin tilsynsrapport frå august 2018 viser til behovet for ein deponeringsplan:

*Hordaland fylkeskommune må lage ein konkret plan for uttrekk, deponering og bevaring av elektroniske journal- og arkivsystem, samt fagsystem.*

*Planen må innehalde pårekna kostnader og plan for finansiering, samt tidsfrist for når arbeidet skal vere ferdig.*

*Fylkeskommunen må etablere ei depotordning for elektronisk arkivmateriale, enten ved at Fylkesarkivet sjølv får ressursar til å gjere dette, ved kjøp av tenester, eller i samarbeid med andre kommunale arkivinstitusjonar.*

### **Vestland fylkeskommune**

Gjennom samanslåing vert Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Arbeidet med avlevering av data frå Hordaland fylkeskommune vil fortsette i regi av Vestland fylkeskommune.

### **Kartlegging**

Sommaren 2018 starta Fylkesarkivet ei kartlegging av fagsystema i Hordaland fylkeskommune for å identifisere system som inneheld arkivverdig dokumentasjon. Utgangspunktet var ei liste på 150 IT-system. Kartlegginga støtta seg på ein bevaring- / kassasjonsrapport utarbeidd for 8 år sidan – saman med intervju av dagens systemeigarar. Resultatet er ei kortliste med bevaringsverdige fagsystem. Desse er lista opp i dette dokumentet.

### **Eit levande dokument**

Dokumentet må vere levande – spesielt oversynet over fagsystema og dato for deira planlagde deponering. Denne tabellen må reviderast årleg for å få registrert inn endringar rundt fagsystema og justere datoar og prioriteringar undervegs.

### **KDRS – Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter**

Planen kvilar på føresetnaden om innmelding i organisasjonen KDRS. Hordaland fylkeskommune har starta innmeldingsprosessen og sendt søknad om medlemskap.

## DEFINISJONAR

- **KDRS** – Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter. Dette er ein nasjonal institusjon som ligg i Trondheim – og som har E-Depot med langtidslagring i fjellhallar i Sør- og Nord-Norge. Data blir lagra trippelt – det vil seie på 3 forskjellige stader i Norge.
- **NOARK** - Noark er en norsk standard for journalføring og arkivering av saksdokumenter, utvikla og halde ved like av Riksarkivaren. Namnet er forkorting for norsk arkivstandard.
- **SIARD** - Software Independent Archival of Relational Databases, en normativ skildring av filformat som er brukt til langtidsbevaring av relasjonsdatabaser.

SIARD formatet er basert på opne, ikkje-proprietære standardar som UNICODE, XML, SQL1999 og ZIP. Det at SIARD bruker internasjonale aksepterte standardar som er mykje i bruk, er ein tryggleik for langtidsbevaring og tilgang til standarden som er ei etablert løysing for langtidsbevaring av relasjonsdatabaser (Swiss Federal Archives 2011: 1).

- **Fagsystem**

I dette dokumentet er fagsystem eit datasystem som IKKJE er eit sakarkiv-system og som inneheld arkivverdig dokumentasjon.

I denne planen har vi altså ei snever forståing av omgrepet fagsystem – Eit fagsystem er eit fagleg støttesystem som inneheld arkivverdig dokumentasjon i høve til sakshandsaming.

- **Deponering av data**

- Data vert trekt ut av databasen til systemet og klargjort for langtidslagring i form av ei arkivpakke. Arkivpakka blir lasta opp til ein institusjon som tilbyr sikker langtidslagring med trippel datatryggleik.

## FORMÅL MED PLANEN (EFFEKTMÅL)

Deponeringsplanen skal gi informasjon til sentrale aktører, som til dømes leiarar og systemeigarar, synleggjere behov for ressursar, legge til rette for prioriteringar, avklare roller og generelt vere eit aktivt verktøy i arbeidet med avlevering og deponering av data frå fagsystema til Hordaland fylkeskommune i åra som kjem.

### **Kvifor er deponeringsplanen viktig?**

Hordaland fylkeskommune er pålagt å dokumentere for ettertida på kva grunnlag avgjersler har vore tekne. Arkivlova og Riksarkivarens forskrift gjer i detalj greie for kva som skal takast vare på av elektronisk dokumentasjon.

Hordaland fylkeskommune må ha oversikt over data som skal deponerast når system vert erstatta med nye eller til dømes organisasjonen vert endra (skarpt skilje).

Arkivtenesta må definere kva som er arkivverdige data, definere kva fagsystem som inneheld arkivverdig dokumentasjon og distribuere kunnskap om pliktane som følgjer med eit eigarskap til eit fagsystem.

Planen er eit verktøy for fagsystemeigarane, IT og andre interessentar.

## SKILDING AV KVA PLANEN SKAL OMHANDLE

Dokumentet inneheld ein konkret plan for uttrekk, deponering og bevaring av data frå elektroniske journal- og arkivsystem, samt fagsystema i Hordaland fylkeskommune.

Planen gjer oversikt over i kva rekkefølge datasystema skal bli behandla og på kva tidspunkt. Leiarar, IT-avdelinga, systemeigarar og Fylkesarkivet har dermed konkrete oversikter å halde seg til i åra som kjem.

Planen har rolleavklaring med plassering av økonomisk og administrativt ansvar.

Det vert gjort greie for pårekna kostnader og plan for finansiering, samt tidsfrist for når arbeidet skal vere ferdig.

Hordaland fylkeskommune vert lagt ned frå 1. januar 2020 – men arbeidet med å ta vare på data vil fortsette etter dette gjennom Vestland fylkeskommune. Planen viser såleis og arbeidet som må gjerast i tida etter samanslåinga.

## AVGRENSINGAR

Denne planen gjeld per i dag **ikkje** fagsystema i Sogn og Fjordane fylkeskommune, sjølv om ein i Vestland fylkeskommune truleg vil samle alle systema i ein og same deponeringsplan.

Innsynsløysingar, det vil seie korleis informasjon vert tilgjengeleg etter at fagsystema ikkje lenger er i bruk, vert **ikkje** handsama i denne planen.

## MEDLEMSSKAP I KDRS

Det er ein føresetnad for planen og gjennomføringa av denne, at Hordaland fylkeskommune vert medlem av KDRS (Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter) og at Vestland fylkeskommune også vert medlem i KDRS etter 1. januar 2020.

Det ligg føre eit administrativt vedtak om at Hordaland fylkeskommune skal bli medlem i KDRS, og per 1. mai 2019 er HFK i en innmeldingsprosess mot KDRS.

Etter planen er Hordaland fylkeskommune fullverdig medlem frå 1. juni 2019.

**Bevaring av data**

KDRS tilbyr eit Digitalt Depot med trippel lagring av data. Det er altså i denne bevaringsordninga data frå systema som vert omhandla i denne planen, - skal langtidslagrast og eventuelt hentast fram igjen frå.

**KDRS – kostnader og lagringsplass**

Medlemsinnskot kr 100 000,-

Årlig kontingent: kr 320 828,-

Medlemskontingenten vert årleg justert med kommunal deflator frå statsbudsjettet.

1 Terrabyte lagringsplass er inkludert i kontingenten.

Det ligg inne eit forslag om å ta betalt med 24.000 per år per TB utover den TB som kjem inkludert.

Det er i dag ingen kundar som har meir enn 1 TB lagra.

## INTRESSENTOVERSIKT

Vi ser at deponeringsplanen gir relevant informasjon til fleire interessentar:

- Fylkesarkivet i Hordaland fylkeskommune,
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Arkivet i Vestland fylkeskommune
  
- Systemeigarar for fagsystem med arkivverdig dokumentasjon
- IT-avdelinga
  
- Dokumentsenteret i Vestland fylkeskommune
- Toppleiargruppa og fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune
- Toppleiargruppa og fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune
  
- Arkivverket
- KDRS

## RISIKO

**Konsekvensar**

Kva vert konsekvensane dersom ein ikkje har gode ordningar for å bevare arkivverdig informasjon?

Vi har ikkje gjennomført ei full risikoanalyse av dette – men lista opp viktige risiko.

Det å miste data (Arkivtap) slik at ein ved seinare høve ikkje kan dokumentere sakshandsaming i fylkeskommunen, er blant konsekvensane som manglande plan for bevaring og deponering kan føre til.

**Risiko**

- Arkivtap (data går tapt for ettertida – kan medføre lovbrøt for systemeigaren)
  - IT slår av system utan at data er blitt dokumentert og sikra
  - Systemeigarar tek ikkje ansvar for bevaring av sine data på grunn av manglande kunnskap
  - Feil i uttrekk
  - Mangelfull deponering
- Økonomisk risiko
  - Avtalar manglar punkt om korleis ein skal handsame avslutting av system.
  - Ekstern konsulenthjelp – timebaserte kontraktar medfører økonomisk risiko
  - Kostnader knytt til system som blir ståande å gå i årevis med lisens- og andre vedlikehaldskostnader
  - Manglande ressursar/kompetanse hos HFK eller leverandør for å gjennomføre deponering etter forskriftene
- Datatryggleik
  - Data kjem i hende på feile personar
  - Uttrekk blir flytta ut av sikker sone og kjem på avveie
  - Uautoriserte personar kjem seg inn i sikker sone og får tilgang til data

Den økonomiske risikoen og risiko for arkivtap, er vurdert å vere knytt til manglande forståing for eit fagsystem sitt livsløp ved inngåing av kontrakt.

Ein må ha rutinar og retningslinjer for deponering av databaser som skal klargjerast for uttrekk. Filvedlegg i databasen må vere konverterte til godkjende arkivformater – saker må til dømes vere lukka.

Systemeigarene må lese seg opp på sine pliktar i arkivplanen. Der er det eit eiga avsnitt om systemeigar-rolla sitt ansvar gjennom livsløpet til eit fagsystem.



## ROLLER I DEPONERINGSARBEIDET

### Fylkesarkivet

Fylkesarkivet si rolle i arbeidet med e-deponering er å:

- forankre deponeringsplanen i toppleiargruppa og blant systemeigarar,
- utarbeide og årleg revidere deponeringsplanen.
- utarbeide gode rutinar for livsløpet til eit fagsystem
- rettleie systemeigaren med utarbeiding av kravspesifikasjon i anbodsdokument
- sørge for deponering i KDRS

### Systemeigaren

I samband med avlevering av data frå fagsystem til digitalt depot, har systemeigaren viktige ansvarsområder.

I Hordaland fylkeskommune sin arkivplan ([hfk.arkivplan.no](http://hfk.arkivplan.no)) er det egne websider som omhandlar systemeigaren sine pliktar i samband med avlevering av elektronisk materiale – her er nokre hovudpunkt:

- Systemeigaren har ansvar for at det vert gjort godkjende uttrekk for langtidslagring
- Systemeigaren har ansvar for å avgjere om det er behov for – og deretter eventuelt å skaffe ein innsynsløysing for data frå eldre datasystem

Unnataket er Sak/Arkiv-systemet – der det økonomiske ansvaret er plassert hos IT medan systemeigarskapet ligg til direktør for Kultur og idrettsavdelinga.

### Ekstern konsulentar

I samband med uttrekk frå fagsystem, kan bruk av ekstern kompetanse vere naudsynt.

Det kan i den samanheng vere viktig å ha fleire alternativ enn leverandøren av fagsystemet, dersom uttrekk ikkje er ein del av den avtalen.

### IT

E-Depot har behov for støtte frå IT når det skal gjerast uttrekk.

I mange andre høve er E-Depot avhengig av eit nært samarbeid og god dialog med IT.

### KDRS

Organisasjonen KDRS sitt hovudprodukt er det digitale depotet med trippel lagring av arkivverdig materiale i fjellhaller og i Trondheim. Men KDRS er også ein organisasjon som gjødslar fagmiljøa og driv fram prosjekt av stor almen interesse.

## UTTREKK FOR LANGTIDSLAGRING: AKTUELLE AKTØRAR

I samband med uttrekk for langtidslagring er det fleire aktørar som kan vere aktuelle.

**Fylkesarkivet**

Fylkesarkivet kan lage såkalla SIARD-uttrekk sjølve. Dette er noko vi kan gjere uansett om det også vert gjort eit fullt NOARK-uttrekk. Programvare er kjøpt inn og er operativ – slik at det er relativt enkelt å gjennomføre dette mot databaser som er «på huset». Vinsten ved å gjere dette – er å sikre data på ein enkel og internasjonalt akseptert måte. Så kan ein i tillegg få lagd arkivpakkar med meir tilpassa meta-informasjon om datamengda.

**Leverandøren av fagsystemet**

Dersom leverandøren framleis er aktiv / ikkje nedlagt – er dette ein naturlig samarbeidspart i samband med uttrekk frå eit fagsystem. Leverandøren kjenner databasen til systemet og bør kunne gi ein konkurransedyktig pris på til dømes eit NOARK-uttrekk.

Det er ein fordel om også andre aktørar kan gi pristilbod.

**Stiftelsen ASTA**

Denne frittstående stiftinga reknar seg som ein nonprofit-organisasjon og kan vere eit alternativ til leverandøren av fagsystemet. Slik unngår ein at leverandørane kjem i ein monopol-situasjon og ein legg til rette for at det skjer god utvikling på området.

**Documaster**

Documaster er ein kommersiell aktør som også kan ta uttrekk frå fagsystem. Documaster er ein deltakar i KDRS sitt prosjekt Produksjonslinja. Prosjektet tar sikte på å straumlineforme prosessane rundt uttrekk frå arkivverdige fagsystem.

**KDRS**

KDRS er i ferd med å bygge opp eit bibliotek av malar (for dei ulike fagsystema) for slikt arbeid – i samband med den såkalla produksjonslina som skal lette dette arbeidet i åra som kjem.

Det viktigaste systemet for sakshandsaming og arkiv – er sakarkiv-systemet. Tre sakarkivsystem har avløyst kvarandre sidan 1989. Vi vel å gje ei oversikt over historia, noverande status og framtida for desse IT-systema.

#### **– 1989: Papir**

All sakshandsaming var papirbasert fram til 1989.

#### **1989-2013: Papir og data**

I 1989 byrja registrering av data i sakarkivsystem – parallelt med papirbasert arkivering. I 1997 blei data frå den tidlegare IBM AS 400-løysinga migrert inn i sakarkiv-systemet Doculive. Doculive blei så avslutta 31.12.2013.

Dette vart også sluttdatoen for papirbasert sakshandsaming. Tida med såkalla hybridarkiv var over.

#### **2014-2019: Heilelektronisk**

Ein har hatt heilelektronisk sakshandsaming i sentraladministrasjonen sidan 1.1.2014 og sakarkivsystemet er no ePhorte. Data er trekt ut frå Doculive og omgjort til ein såkalla Historisk base i ePhorte-løysinga.

#### **2020: ePhorte også i Vestland fylkeskommune**

I Vestland fylkeskommune skal ein også i byrjinga nytte ePhorte som sakarkivsystem. Ein vil då ha 4 historiske basar og dagleg-arkivet i same system:

Sogn og Fjordane 1997-2015

Sogn og Fjordane 2015-2019

Hordaland 1989-2013

Hordaland 2014-2019

Vestland 2020- (daglegarkivet)

Ein tek altså sikte på å gje brukarane tilgang til **all** elektronisk sakarkiv-historikk frå dei to fylkeskommunane i sakarkiv-systemet til den nye fylkeskommunen – og såleis eliminere behovet for innsynsløysing for dei gamle datamengdene.

Data frå alle dei 4 historiske basane vil bli deponert i KDRS for langtidslagring så snart dei er klare for dette.

**Eit fagsystem per måned**

Planen legg opp til at det skal avleverast uttrekk frå gjennomsnittleg eit fagsystem frå Hordaland kvar måned i åra framover. Denne rytmen er avhengig av godt samspel mellom fleire aktørar – så datoane kan bli «retteleiar» – men målet er å betre effektiviteten undervegs ved til dømes å jobbe med fleire system samtidig og planlegge arbeid frå eksterne deltakarar ut frå planen. I tillegg kan ein legge inn ekstra-innsats der det er mogleg.

Tabellen under viser dei fagsystema som er vurdert å ha bevaringsverdige data. Deponering vert gjort etter prioritert rekkefølge i åra 2019-2021. Kostnadene gjeld uttrekk for langtidsbevaring og er utan MVA.

**2019 – Hordaland fylkeskommune**

Elektroniske system	Beskrivelse	Stenges	Uttrekk	Til KDRS	Kostnad	Bevaring	Uttrekk type
Doculive	Sak/Arkiv-system 1989-2013.	31.12.2013	01.02.2019	01.06.2019	150 000	JA	SIARD, NOARK
OTTO	Oppfølging av elever med særskilte behov.	31.12.2018	01.03.2019	15.06.2019	70 000	JA	SIARD, NOARK

**2020 Hordaland FK (reviderast i samband med Vestland)**

Fagsystem	Beskrivelse	Stenges	Uttrekk	Til KDRS	Kostnad	Bevaring	Uttrekk type
ePhorte 2014-2019	SAK/Arkiv-system 2014-2019.	31.12.2019	01.06.2020	01.07.2020	Prosjekt betalar	JA	SIARD, NOARK
VIGO fagopplæring	Fagopplæringssystem Inneheld oversikt over godkjente lærebedrifter og opplæringskontor med faglige leiare. Alle godkjente lærekontrakter, prøvenemnder. Resultat fag/svenneprøver. Systemet er det same som vigo inntak	31.12.2019	01.08.2020	15.08.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
VigoVoksen	Vaksenopplæring - inntakssystem og saksbehandling for vaksne elever	31.12.2019	01.09.2020	15.09.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
NSSU	Oppfølging av alle som søker om spesialundervisning. Nettbasert sakshandsamingssystem for spesialundervisning. System utviklet spesielt for HFK	31.12.2019	01.10.2020	15.10.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
Vigo inntak	Administrerer inntak til vidaregåande opplæring. Administrerer all vurdering og karaktersetting av elevane. Elevregister over alle ungdomskuleelevar i Hordaland - rapportering til rettsregisteret som er ein oversikt over alle elevar med rett til vidaregåande opplæring. Rapporteringssystem av KOSTRA tal til Utdanningsdirektøren og SSB	31.12.2019	01.11.2021	15.11.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
Extens	Skole-administrativt system, ressursplanlegging med meir	01.09.2020	01.12.2020	15.12.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK

**2021 Hordaland (reviderast i samband med Vestland)**

Fagsystem	Beskrivelse	Stenges	Uttrekk	Til KDRS	Kostnad	Bevaring	Uttrekk type
Intranett	Intranett for HFK	31.12.2019	15.01.2021	25.01.2021	100 000	JA	SIARD
Prosjektplassen	Webhotell / prosjektarkiv. Ligger liste over alle ansatte og innleide i ett dokument, inkl fødselsnr.	31.12.2019	01.02.2021	15.02.2021	100 000	JA	SIARD
Fotostasjon (Fotoware)	Registrering av fotografi tatt i HFK	31.12.2019	01.03.2021	15.03.2021	100 000	JA	SIARD
HMS-visjon	Kunderegister, journal	31.12.2019	01.04.2021	15.04.2021	100 000	JA	SIARD
VIS	Ikkje i drift enda	31.12.2019	01.05.2021	15.05.2021	100 000	JA	SIARD
CERT/skuleskyss	Register for elever som har skuleskyss, journal	31.12.2019	01.06.2022	15.06.2022	100 000	JA	SIARD
PPI	Utreie enkeltelevers behov for spesialundervisning, vedtak som blir gjort og kontakten med elevane / klientane	31.12.2019	01.07.2019	15.07.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
HMS-journal	Elektronisk pasientjournal	31.12.2019	01.08.2020	15.08.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK
Sefrak	Nasjonal register over bygningar og andre kulturminne i Hordaland – og Noreg. Alle bygningar frå før år 1900 blei registrert, forutan ruiner og en del andre kulturminner. Web-applikasjon	31.12.2019	01.09.2020	15.09.2020	100 000	JA	SIARD, NOARK

## TIDSPLAN

Planen gjeld perioden 1.5.2019 til 1.1.2021.

## PLAN FOR KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Planen skal leverast til Arkivverket 1. mai .2019.

Planen skal reviderast årleg og distribuerast til interessentane – sjå eige kapittel om interessentane.

Det er viktig å halde toppleiving, IT-avdeling og systemeigarane oppdatert i forhold til arbeidet med sikring av data frå fagsystema.

## PLAN FOR FINANSIERING

### Finansielt ansvar

Slik Fylkesarkivet er organisert når denne rapporten skrivast (endringar kjem truleg i overgangen mellom Hordaland FK og Vestland FK) – vert uttrekka frå Sak/Arkiv-system – slik som Doculive og ePhorte finansiert frå IT sitt budsjett.

Det er *systemeigaren* (eksempel: Opplæringsavdelinga) som har finansielt ansvar for sine fagsystem. Dette inkluderer finansiering av innkjøp og drift av systemet, men også uttrekk til langtidslagring – som denne planen omhandlar.

Det er derfor viktig for Systemeigarane si planlegging at IT og systemeigarane har oversikt over dei planlagde oppgåvene i denne planen. Dei vil derfor få tilsendt planen ved kvar revisjon.

### Finansiering - presisjon i overslaga

Overslag over kostnader knytt til konsulenthjelp i tabelloversikta er grove – det er ikkje innhenta spesifikke anbod frå dei ulike aktuelle aktørar i samband med denne planen.

Her ser ein for seg at reviderte utgåver av dokumentet vil få forbetra presisjon på prisane. Utgangspunkta for kostnadsoverslaga har vore reelle priseksempelar frå nokre av konsulent-arbeida som har vert gjort for Hordaland fylkeskommune i den seinare tid. Hovudeffekten av prisoverslaga i planen - slik den er i dag – er å bevisstgjere systemeigarane på at det ligg ein utgift knytt til uttrekk og arkivering på omkring 100.000 i sluttfasen av systemet si levetid.

Følgande prinsipp gjeld altså for finansieringa:

- IT – har ansvar for kostnader knytt til sakarkivsystemet med historiske basar frå tidlegare sakarkiv-system
- Systemeigarane har finansielt ansvar for sine fagsystem

Finansieringa er altså distribuert på mange partar og ein ser såleis ikkje behov for en særskilt finansieringsplan – anna enn at det er vesentlig å gi oversikt til partane over framtidige kostnader for uttrekk av data for langtidslagring knytt til skarpe skilje og avslutting av fagsystem. I kapittelet *Plan 2019-2021* finn systemeigarane 'sine' fagsystem – med dato og grovestimert utgift.

## ENDRINGSLOGG FOR DENNE PLANEN

- 1.0 Planen leverast til Arkivverket 1.5.2019.
- 1.1 ( Planen reviderast eventuelt etter samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1. mai 2020)